

# VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

JULI 2020

## Innhald

VIKTIG til medlemmane	3
Leiaren har ordet	4
Avgått rådsman og poet. Av Torbjørn Ljones	8
Brukspoesi på BRUVEKTI. Av Sjur Tjelmeland	10
Å verna om det levande. Av Anne Karin Fonneland	13
«Det grønne, skapande, frodige auge». Nokre utdrag om Tor Obrestad frå dagbøkene til Olav H. Hauge. Av Marit Hafting	18
Oddmunds båt. Av Olav Ljones, foto Kai Andresen	22
Olav H. Hauge og det norske målet. Av Olav Ljones (og med tekst av Arne Skjerven og Knut Olav Åmås)	25





# VIKTIG

Til medlemmane  
Adresser, e-post og lagspengar.

Venelaget slit litt med å utnytta dei digitale føremonene for drifta av Venelaget.

Vi vil forbetra oss og vil gjerne ha medlemmane med på denne dugnaden.

Vi sender ut medlemshefte pr post og her er vi avhengig av presis adresse i samsvar med dei krav postverket set, det vil seie for kvart medlem:

**Namn, vegnamn og vegnummer og postnummer**  
(er det postboks er det nok med nummer og postnummer)

***Er adressa ikkje rett får vi bladet i retur frå Posten.***

Så er styrearbeidet og avhengig av at vi har oppdatert opplysing om e-post-adresse.

Her er det store manglar.

Så ver venleg å send inn rett e-post adresse.  
Vi delar sjølvsagt ikkje slike opplysingar med andre.

Så er det framleis mange som ikkje har betalt lagspengane for 2020.

Dei er kr 250 og skal inn på  
**konto 3450 30 01960 Venelaget Olav H. Hauge**

ved Anders Opheim. Det kan og nyttast

**VIPPS # 586853 Venelaget Olav H. Hauge.**

Skriv tydeleg namn og adresse på avsendar.

Send og e-post adressa og postadressa til  
leiaren Olav Ljones: [ola-lj@online.no](mailto:ola-lj@online.no)

Våren 2020 vart heilt annleis enn det dei fleste hadde tenkt. Folk hadde høyrte om ein epidemi i Kina, men at det skulle verta ein pandemi som førde til stenging av mykje aktivitet i Noreg var nok ikkje venta. Venelaget Olav H. Hauge er ikkje dei som skal klaga høgast sjølv om planane om ein Haugekveld våren 2020 var utsett og Poesifestivalen 2020 vart utsett til 2021. Styret i Venelaget er innstilt på å forlenga arbeidsperioden til neste årsmøte i Venelaget som vert lagd samstundes med Poesifestivalen september 2021.

Korona-epidemien eller Covid 19-epidemien er ein virus epidemi som ofte vert samanlikna med den sokalla Spanskesjuka som herja i bølger i åra 1918–1919 (litt og i 2020). Det er for tidleg å gje dei endelege tal for koronaepidemien. Men det er grunn til å tru at Spanskesjuka var langt meir alvorleg. Om Spanskesjuka vert det sagt at det døydde fleire av den enn det døydde i dei to verdskrigane til saman - første og andre (50–100 millionar). Samla tal på dødsfall i verda av koronaepidemien er framleis under ein halv million. Olav H. Hauge som var fødd 1908, var 10–11 år når Spanskesjuka herja i verda. Heimbygda Ulvik var ikkje hardt råka av Spanskesjuka. I ein oversikt kan ein finne at talet på dødsfall av Spanskesjuka i

Ulvik var i 1918 på 8, og 4 i 1919. Rekna pr 1000 innb. er tala 2,8 og 1,4 som er godt under landsgjennomsnitt. (Kjelde: Svenn Erik Mamelund, Hovudoppgåve 1998) Spanskesjuka sette djupe spor, men ikkje særmerkt djupe i Ulvik og det er ikkje lett å sjå at denne epidemien sette særlege spor i diktverket til Hauge.

Det vart eit alvor i tida når epidemien råka. Poesi kan ha eit ekstra verd i slike tider. Det biletet som vert teikna av Olav H. Hauge i diktet Svarte krossar kan mange ha tenkt over.

### SVARTE KROSSAR

Svarte krossar  
i kvite snjo  
luter i regnet gruve.

Hit kom dei døde  
yver klungermo  
med krossar på herd  
og sette dei frå seg  
og gjekk til ro  
under si klaka tuve.

Sjølv om Spanskesjuka ikkje råka Ulvik og minnet til Olav H. Hauge på ein særmerkt måte, var det nok ei anna helsetid og når den jamnaldra unge spelemannen Johan Hjelmevoll døydde av lungetuberkulose i 1929, medan Johan gjekk på Voss Lands gymnas, so var det ei hending som sette djupe spor. Diktet Spelemannen (Glør i oska,

1946) er eit flott minne om ein kunstnar som døydde alt for tidleg.

#### SPELEMANNEN

So fyl' me glimegut til gravi då  
vårkalde dagen.  
Soli skin ikkje,  
vinden aukar på,  
slå då upp kragen!

Enno ligg bygdi  
snjosvævd og kald  
med frosne fjordar.  
Kor kan du visa slikt  
eit atterhald  
når me til jordar

ber son din, den bjartaste som var?  
Bljugskap kan henda  
gjer at du tér deg kvar dagsleg  
og hard  
øg denne venda.

Visst var det vent å  
lyda på hans spel  
leika for øyra.  
Varaste veki lell i denne sjel  
fekk ingen høyra.

Varstilt var spelet,  
strengen kløkk og linn,  
fest i tvinga.  
Best som du synest  
fanga tonen din,  
kan noko springa!

Spelar du rakk vel  
stemma so vidt  
sut og syner ville  
fyrr du vart kalla heim til ditt,  
æve og stille.

No ligg di fele  
utan meisterhond,  
burtslengd og ustemd.  
Kløkkjande tonen søv  
no med di ånd,  
leikar unemnd

ute i skog der vind  
og bekker syng  
sorgalt um våren –  
kvittrar hjå fuglen  
stigande or lyng  
vengelett boren—

duplar i unge hjarto,  
syng i blod  
og heite sansar  
når yver tilet kåt og vill i mod  
ungdomen dansar –

kling i ein trolsk og  
dipleg fanitull  
nifst gjennom notti, -  
leikar hjå fossegrimen,  
græt i sull  
frå huldreslotti –

klagar frå ættene  
som gjekk og kom  
her attum Onen,  
til han kjem att  
den spelemannen  
som kan fanga tonen.

Alt innestengde  
skulde du ha løyst,  
spela og sunge,  
vorte ein tolk for bygdi her,  
ei røyst  
for oss unge.

- - -

Veit de det, vener,  
kva me legg i grav  
med denne kiste?  
Varmaste voni Skaparen oss gav,  
var det me miste.

Løyndaste von i ungdomsmjuk sjel,  
draumen i hjarte,  
er å kunne tolka sitt eige  
kjenslespel  
og syner bjarte.

Ungdom og lengsle,  
draum og von og sut,  
heilage elden,  
skal det alt lykta her og blåsast ut  
som ljøs i kvelden?

Rådville stend me utan rett å sjå  
mål eller meining.  
Den som vert gamal,  
vis ein gong og grå,  
finn vel ei eining.

Dropen som glitrar,  
blokkone på kvist,  
dansande bylgja  
skifter ustanseleg,  
alt lyt so visst  
lovene fylgja.

Lat det so vera det er slutt og stengt  
for bogehondi.  
Livet er stutt, - evig draum og lengt  
i folkeåndi.

I Dagboka til Hauge er det frå april  
1929 nokre ord om at Olav har satt  
øksa i kneet og skal byrja på Hjelt-  
nes gartnarskule. Så kjem nokre  
ord om at venen Johan Hjelmevoll  
hadde døydd og at han hadde skri-

ve ned eit lite minnedikt om Johan.  
«Det er so tarveleg som det kan  
vera: men det hev likevel si inte-  
ressa».

### *In Memoriam*

Februar 1929

So fyl' me Johan stilt til gravi då  
blåkalde dagen.

Soli skin ikkje, vinden susar på  
– slå då upp kragen!

Her gjeng dei alle

dei som hev mist

tunge i sinnet.

Syrgjer på han?—det få veit vel  
visst.

Døden vil minne

alle um sår som livet eingong slo.

Djupt hev det skore.

Vinje han segjer blomane skal gro  
fagrast or såret.

Frys sjel og sinn? -- er eg for tom  
og kald

sorgi å kjenna?

Hev eg'kje hjarta?

er eg ikkje skald?

Gjev det må renna

alt godt i hugen til ein fager krans

kringum hans minne.

Syng so ein song eg helgar namnet  
hans

einsleg i sinnet.

Kvi er eg sorgfull? Etter livsens lov

livet det strider;

fann ikkje veg um lengten aldri sov.

Kanskje umsider

fatar me det som slær oss blinde no,

tyngjer vår lagnad.

Fekk du ein glytt so trår du utan ro

(morgon skal dagna)

fram imot *dagnad*. (*dagning*)

Einskilde liv som berre skuggar driv  
til gøymsla selde.  
Framand for jordi ånd og æva sviv  
i tagalt velde.

Livet er løyndom; der er livsens  
trøyst;  
alt me kan segja.  
Vasen han aukar om ein knut vert  
løyst.  
– so lat oss tegja.

Græt dei ikring meg? Veit de kva  
han var,  
han som hev bleikna?  
De som i sjeli aldri gneisten bar,  
tvil aldri veikna?  
Visst var det vent å lyda på hans spel  
jubla og gråta.  
Fagraste tonen lell i denne sjel  
fekk ikkje låta.

Tonen som me er tenkt å syngja her  
vert aldri songen (*sungen*)  
Livet er lengten; aldri strengen fær  
klinga for trongen.  
Spelet må stillast, takten må me få,  
lyda og strjuka.  
Best som me synest rette klangen nå,  
strengen kan rjuka.  
Lat det so vera ingen høyra fekk  
tonen på jordi.  
Lell trur eg tonen upp til himmels  
gjekk.

Men kva er ordi?  
Tomleik og klang der allstødt tom-  
leik grin  
attum og under.  
Kva er vel livet verdt med alt sitt skin  
i slike stunder?  
(Sorgi er tagal, sår er livsens trong,  
avgrunn og æva.  
Sorgi og dauden oss til slutt eingong  
trufast skal svæva)

So fyl' me Johan stilt til gravi då;  
reint svingar ferdi.  
Klokkom i tårnet byrjar tungt å slå:  
Død yver verdi!  
Der ligg dei døde fredsamt under  
snjo  
etter all fagnad.  
Snart skal me alle kvila der i ro,  
-- ynka vår lagnad?  
O. Hauge

Det er vel berre dei fire første line-  
ne som har klar likskap med diktet  
Spelemannen frå 1946, men stem-  
ninga er mykje lik. Det finst fleire  
døme på korleis Olav utvikla og  
forbetra dikta sine med tida. Eitt  
døme på det er skildra i ein artikkel  
i dette heftet.

Olav H. Hauge er rekna til dei  
store nynorske lyrikarane. Han  
gjorde som forfattar ein stor inn-  
sats for nynorsk som levande  
språk. Det er i dette Venelagshefte  
samla litt stoff omkring språk og  
språkstrid og Hauge. Olav H var  
praktikar og ikkje språkpolitikar  
eller organisasjonsmann Eitt av  
dei litt uavklara detaljspørsmål er  
om Olav eigentleg var medlem av  
Noregs Mållag. Vitneprov er over-  
tydande på at han ikkje betalte for  
medlemskapet. Samstundes fekk  
eg tak i kopi av medlemslistene i  
Noregs Mållag frå 1986 der han  
er førd opp. Desse detaljane er  
vel ikkje viktige – det er ikkje som  
organisasjonsmann at Olav gjorde  
ein innsats for målsaka – det var  
som forfattar.

SOGA UM CH'Ü YÜAN

Dette er soga um Ch'ü Yüan. Kongens rådsman.  
Rismarker og mandarinar bøygde seg for han.  
Til han vart avsett og vart ein drøymar.

Kvar var riket hans no? På stjernor og fabeløyar,  
langt her ifrå, på leit etter ei han såg i sin draum.  
Men helst vitja han den andre verdi. Og som rådsman  
sette han krossar og teikn for underlege vegar og rita  
på silken vardar og varsel for dei som kjem etter.

Men, Ch'ü Yüan klaga. Han kunde ikkje gløyma sitt land  
og ~~her~~ han tente; ingenstad blømdede  
oransjetreet som ved elvi der heime.

Doggi gjer vatnet vidast...

Eg veit ikkje kvi han klaga, men eg veit at røyndi  
er ei hard strand for ein haxreken drøymar.  
*Det er ei hard strand for ein haxreken drøymar.*  
Kva tenkte han då han fanna ein stein, og sprang  
i Mo-li-elvi?

Elvi strøymar, gav ikkje svar,  
det stirande steinauga sokk inn i gruvling.

27

diktaren sjølv nærlas sine egne dikt, tok dei fram att kanskje etter fleire år, strauk ut og la til vers. Andre gonger kom rettingane av at andre hadde pirka i dikta og kome med alternative skrivemåtar. Eit døme på det er Jan Erik Vold som ikkje vil ha med siste versa i diktet «Automaten» frå diktsamlinga «På ørnetuva».

Eg trur at rettingane i dikta nesten alltid gjer dikta betre, men dei dikta som har overlevd i original form heilt i frå fyrsteutgåvene, er nok likevel best. Dikta «Gullhanen», «Til eit Astrupbilete» og «Kveld i november» er

Eg sit og les i «På ørnetuva» frå 1961 og opnar boka på side 27. Her har Olav H. Hauge sjølv vore med retteblyanten og stroke ut og lagt til nokre vers i diktet «Soga um Chu Yuan».

Boka har tilhøyrd Otto Hageberg, professor i litteratur og haugeven. Etter hans død har boka kome på sal og hamna i mi hylle. Rettinga syner kor oppteken diktaren var av å endra og betra dikta sine. Han vart nesten aldri heilt nøygd, sjølv om mange av dikta overlever i originalforma.

Rettingane kom nok oftast av at

kanskje nokre av dei finaste dikta. Dei har stått seg gjennom fleire utgjevingar.

Me kan også sjå at Olav H. Hauge brukar dagboka som ein slags kladdebok. Her finn me mange stader fragment av dikt som seinare kjem i samlingar. Men det vrimlar ogso av diktstrofer som aldri kjem ut av dagbøkene. Han var streng med seg sjølv og som oftast mild i domen over andre sine dikt. Det han ikkje likte var han taus om, i alle fall i skrift, ikkje alltid i tale.

Diktet «Soga um Chu Yuan» er



ein liten biografi, eller saga, om den kinesiske politikaren eller råds mannen. Han levde frå år 340 før Kristus. Midt i karrieren vert han avsett og forvist til sine heime-trakter. Enden på visa, eller diktet, er at Yuan finn ein stein, vassar ut i Li-mo-elva og druknar seg.

Olav H. Hauge er kjend for å bruka det han ser (og høyrer; Tussalusi kviskrar!) i dikta sine. Mange gonger nyttar han personar som har levd som eit motiv eller som beingrind i ei forteljing i dikta. Ofte er det andre diktarar, men det kan og vera Bodil som vev teppe, Kuppenn som skeisar i Squaw Valley (På ørnetuva) eller Olai som grev sjøstøvlane sine ned i sanden (Ir). I andre biografiske dikt som Spelemannen og Klokkaren er ikkje namn nemnt.

I diktet frå Hageberg si bok har Olav H. retta «herren» til «folket». Det er sjølvsagt stor skilnad om ein politikar og råds mann tenner folket sitt eller berre herren sin. Me kjenner ikkje sikkert grunnen til at han fekk sparken, men me kan spekulera i at han høyrde meir på folket enn «keisaren». I alle høve skal han ha kome på kant med kollegaene sine.

Ytringsfridomen har visst aldri stått høgt i Kina.

Dette diktet varslar om Olav H. Hauge si interesse for kinesisk dikting, og han har fleire dikt som «inviterer» kinesiske diktarar på vitjing til Hardanger og inn i sin

eigen poetiske hage. I den endelege versjonen lyfter diktaren diktet opp på eit nytt poetisk nivå når han i Hageberg si originalbok legg inn verset «saknar du brua som hang so høgt i vinde?». Kva slags bru det her er snakk om, kan lesaren berre tenkja seg. Diktet opnar seg.

Me kan og sjå på diktet som eit læredikt for vår tid. Ytringsfridomen har tronge kår mange stader, og både politikarar og embetsmenn får fyken av ulike grunnar. Lukkelegvis liknar lagnaden deira sjeldan på den Chu Yuan fekk, men det kjenner me ogso døme på.

Kvar finn me so dagens utfrosne kongens rådmenn? Få av dei vert diktarar. Mange skriv om sitt eige liv, men berre Winston Churchill har fått Nobels pris for verka. Dei fleste reiser seg minnesmerke utan særleg litterær verdi. Kanskje kan ein kalla dei «havrekne drøymarar» slik det står i diktet.

I dag er vegen mellom kongens bord og styreborda kort. Alle skifte av norske fiskeriministrar er gode døme på det. Andre spring att og fram mellom First House og det norske overhuset som var dei strikkballar.

Det største fallet i siste tid står Per Sandberg for. Han har gått frå å vera kongens råds mann til TV-klovn og bareigar. Alt han seier er som eit langt klagedikt utan poetisk verdi.

## BRUKSPOESI PÅ BRUVEKTI *av Sjur Tjelmeland*

---

Det er den gamle bruvekti  
som er det viktigaste  
på bui her  
(og so eg sjølv då),  
difor har ho plassen sin  
midt på golvet, det  
er ho som slær fast  
tyngdi og avgjer  
kva frakti vert.  
Rett nok kjenner eg  
når eg tek i kassar og sekker  
kor tunge dei er,  
men dei lyt på vekti  
so ho fær segja sitt.  
Me tingar oss imillom  
med eg set på loddi,  
og vert som oftast  
samde, - ho vippar,  
eg nikkar,  
og me segjer,  
det stemmer, - me  
tek det ikkje so på grammet.  
Vekti er rusta, og eg  
er stiv i ryggen av gikt,  
som vel er, er loddi lettare  
enn det eg veg.  
Stundom merkar eg at folk tvilar på  
um eg veg rett.  
Folk er rare.  
Skal dei selja noko,  
skal det vera tungt,  
skal dei senda noko,  
skal det vera lett.  
Skrivaren var inne her ein dag,  
han furda òg på vekti, kom vel  
i hug det han sjølv  
har å vega.  
«Det er ingi apotekarvekt», sa eg,  
men tenkte helst på ei vekt eg såg  
hjá ein gullsmed ein gong,

han vog gullstøv  
med pinsett.  
Eg har elles ofte tenkt på det  
ein skrivar har å vega:  
Rett og urett,  
straff og bøter,  
liv og lagnader.  
Kven justerar  
dei loddi,  
den vekti?  
(*Janglestrå, 1980*)

Bruvekta såg eg på sjøbua, der ekspeditøren hadde varer ståande, varer som var komne med dampen og varer som skulle sendast neste gong rutebåten kom innom. Det var forvitneleg å kikka inn den opne, vide døra. Der kunne me sjå kva varer som var komne, og me fekk vita kva nytt kjenningar hadde skaffa seg, og me såg kva den og hin hadde å senda frå seg. Helst var det saker og ting folk kjøpte, det var ikkje kvar dagen dei hadde noko å selja og senda, utanom mjølkeskvettane som vart lempa om bord i mjølkebåten kvar morgon.

Bruvekta var solid reiskap, sterk og grovbygd, og ho tolde tunge saker. Teknikken var enkel, under treplata som ekspeditøren sette varene på låg vektarmar, nokre lange og andre stutte. Ei lita plate hang i lette kjettingar. På den sette den som vog små og store lodd, til dess to metallbitar stod jamhøge, og då var det jamvekt. Den som forstod seg på vekta, kunne då lett rekna ut kor tungt kolliet på vekta var.

Me forstår fort at det er gods-eks-peditøren som talar, det er snakk om vekt, frakt og sending. Det er vekta som bestemmer på bua. Mannen har eit ord med i laget; litt akkedering må til, til vekta og eks-peditøren vert samde. Rett må det vera, om ikkje så på grammet, men det var ikkje nødvendig, frakttakstane var ikkje så fintreknande.

Første delen av diktet er ei lita forteljing. Hadde det ikkje vore for linjedelinga, kunne diktet sjå ut som ei kvardagsleg og velskri-ven prosatekst. Diktaren skildrar mannen og kva han tenkjer på, og han fortel litt om seg sjølv. Mannen og vekta er noko tilårs-komne og står godt i stil med kvarandre. Vekta er rusta, men det gjer ikkje noko. Under bru-vekta er lite finmekanikk. Man-nen har vondt i ryggen og er glad for at lodda som skal balansera vekta ikkje er altfor tunge. Eg tip-par at på ei vanleg bruvekt var dei tyngste ti kilo.

Og poesien er der: «ho vippar, eg nikkar,» vakkert sagt! Her sam-arbeider vekt og mann og kjem godt utav det med kvarandre.

Så går diktaren over til å fortel-ja om folk, ikkje nokon som er til stades i bua, det er heller ei skildring av menneske flest. Me er egoistar.

«Skal dei selja noko,  
skal det vera tungt,

skal dei senda noko,  
skal det vera lett.»

Tunge varer å selja: meir pengar i lomma. Lette pakkar, lågare frakt og mindre utlegg.

Skrivaren, det er neppe dikta-ren eller sekretæren, men heller den «edsvorne skriver», altså so-renskrivaren. Han er ein mektig mann. Domar i tingretten som rår over rett og gale, dom og straff, liv og lagnad.

«Skrivaren var inne her ein dag,». Var inne her ein dag er eit vanleg uttrykk brukt inne i fjor-dane i tydinga at nokon hadde kome til bygda. Men me skjøn-ar at skrivaren òg har vore inne i bua og sett vekta og falle i tankar om si rolle og sitt arbeid som domar. Furda på er eit uttrykk eg minnest frå farne tider, det tyder å undrast, tenkja på, grunda på noko.

Diktaren kjem på andre vekter han har sett. Apotekarvekta er nøyaktig, gullvekta veg endå meir noggrant, så hårfint at gullsmeden lesser på gullstøv med pinsett. Då er det nok mindre enn eit halvt gram i kvart jafs.

Så kjem konklusjonen: Då er det dei store spørsmåla i tilværet diktaren tek opp, rett og urett. Kva følgjer skal lovbrota få for den skul-dige? Kva brot skal straffast, og kor hard skal straffa vera? Dette har manneætta vore usamde om i alle år. Lenge trudde folk at berre straf-fa var streng nok, ville alle følgja

lova. Slik er det ikkje. Tendensen synest heller å vera at mest lovløyse er det i dei landa der straffene er strengast.

Så spør dikteren: Kven justerer dei loddi, den vekti? Her spør han om korleis me skal reagera på lovbrot. Ingen har funne eit endeleg svar på det. I vår del av verda har kunnskap om menneske og kva straff gjer med folk litt etter litt gjort straffereaksjonar mindre prega av hemn og trua på at berre straffene er harde nok, så vil folk følgja lova. Slik er det ikkje.

Det er òg eit spørsmål om kva som skal kvalifisera for straff og korleis eit samfunn skal reagera på lovbrot. Lenge har det vore slik at fattigfolk må straffast hardt, medan kvitskjortekriminelle som grev til seg verdiar på ulovleg vis, slepp lett unna. Såleis kan *Bruvekti* vera brukspoesi som set i gang tankar om det som rører seg i vår samtid.

For tre år sidan fekk ein mann 15.000 kroner i bot for å ha teke livet av ei skjor i jordbæråkeren sin. I dei seinaste åra har me stadig lese om svære vindturbinar som tek livet av fuglar i hundretal. Noreg

har nok elektrisitet. I fall me skulle få bruk for meir, vil det vera langt billigare å skaffa meir straum ved å oppgradera gamle vasskraftverk utan nemnande skade på naturen.

Framleis blir det sett opp stadig høgare vindturbinar, dels midt i velkjende fugletrekk. Eigarane er i stor grad rikingar i utlandet. Kor stor bot fortener dei som er ansvarlege for desse fugledrapa?

Ekspeditørane på kaiane i bygdene har stengt dørene. Me får ikkje lenger sjå bruvekta i arbeid og kva saker som kom med dampen. Men diktet *Bruvekti* tek opp problemstillingar som stadig er like aktuelle.

Dette er tankar som passerte gjennom hovudet då eg las om bruvekta. Diktet kallar fram minne og gjev noko å tenkja på. Me les inn i det mange ulike ting, alt etter dei erfaringane og den bakgrunnen me har. Det finst ingen fasit. Litteratur er ein reiskap som hjelper oss til å setja i gang tankar og kan henda kan me smått om senn bli litt visare og forstå meir av den verda me lever i. Det er mykje visdom i *Bruvekti*.

I 2020 kom koronatid og regntid. Vi vart så redde for pesten at vi gløynde å klaga over vatnet som fløynde ned i veke etter veke. Vi beit i oss alt negativt og håpa berre at vi sjølve og alle kring oss skulle sleppa å bli sjuke. Nyheitene om smittevekst og koronaunngåing fekk oss stilleteiane inn i avlukka våre til skjermane og omstillinga. Då smitten etterkvart synte fallande tendensar, såg vi også at dagane var lengre og at våren var i sikte. «O Foraar! red mig! Ingen har elsket dig ømmere end jeg.» slo inn i medvitet. Eg tenkte at eg kunne misunna Wergeland si overtyding om sjela i samspel med naturen. Tvilande samla eg meg i ein slags realisme då eg hevda at «Når det først skulle vera så gale, så var det bra at epidemien råka oss på ettervinteren». Eg veit ikkje om det var spesielt klokt tenkt eller sagt, men eg hadde berre ei kjensle av at influensa og sjukdommar har ein tendens til å forsvinna når sola kjem høgare på himmelen og folk kjem seg ut. Slik kunne kanskje våren redda oss? Det gjenstår å sjå om sommarhalvåret vil ha ein slik verknad på denne sjukdommen, men vi har lov til å håpa.

Våren vart ikkje så lovande og varm likevel, men kom med kalde netter, isnåler og høg snø mange stadar. Forskrekka såg eg kirsebær-

trea i vår eigen hage og kom på diktet av Olav H. Hauge:

ENNO BUR VINTEREN I LJOSET  
Enno bur vinteren i ljuset  
og kveldar i det fyrste graset,  
det er bredegrønt og kaldt  
etter han når han ris.  
Og når kirsebætrei kjem,  
kjem dei med snø og legg  
systerkinn mot bredane.  
Løvetann sagar i fjorgamle strå  
og eldar frostgule bål.

Det er framleis eit frostkaldt landskap kring kirsebærtrea i dette diktet som er henta frå samlinga «På ørnetuva.» Den overraskande biletbuiken Hauge brukte for å få fram korleis det varme møter det kalde, slåande vakkert fordi det likevel ikkje er motsetnader, men noko som høyrer saman og avløyser einannan, vinteren og våren.

Gartnaren Hauge følgde med på trea og vakta på dei slik frukt-bøndene då og no må gjera. Våren er ei spennande tid. Vil det koma normale temperaturar? Vil det koma humler og bier som kan pollinera? Veret og temperaturane kan vi i alle fall ikkje kontrollera. Mykje av Hauge si dikting tek utgangspunkt i gartnaren sine observasjonar.

FROSTSKADD APAL

Gud vite kva som kom åt deg,  
stakkars skrøpelege krake,

som berre vil bløma og bera  
og stå og luva på rot.  
Hine renn ljose og rake,  
men du gjeng heller tilbake  
og kryler deg marki imot  
brodda med sporar og spjot.

Varsamt løyser eg torva  
og høgg av ei rot med spaden.  
Inni er berre svartved  
etter ein kuldebolk.  
Løynleg du leid av skaden  
og sturde i svellande svaden  
halvt millom liv og daude  
og stod der til spott for folk.

Armaste livet gøymer  
ein draum attum hjarteblad.  
Såra til ulivs samlar  
den rotskadde apalen saft  
til frukter med rike kjernar.  
Og skalden samlar kraft  
og høgg sine syner i laft  
i endå eit siste kvad.

Diktet er henta frå debutsamlingen hans, «Glør i oska, frå 1945. Det er grunn til å tru at epletreet er motiv og utgangspunkt for eit utvida tema om eit eg som er lidande på grunn av ein skade. Gartnaren hjelper det skada treet. Han høgg bort den rotne rota og gjev epletreet ny moglegheit til å veksa. Han overfører treet si liding til «skalden» som leitar etter noko konkret gjennom språket. «Og skalden samlar kraft/ og høgg sine syner i laft/ i endå eit siste kvad.» Diktet får fram den mektige viljen gjennom hogget.

Det sjuke skal fjernast og nye krefter skal reisast opp til eit nytt tre, eller eit nytt indre byggverk for skalden. Slik blir diktet ståande som ferdig, kraftfullt poetisk byggverk også.

Bodil Cappelen, som var gift med forfattaren, har fortalt at det var når han arbeidde under frukt-trea at han kom fram til fleire av dei beste dikta sine. Uansett kva årstid det var, måtte han avbryta arbeidet for å springa inn og skriva ned. Gartnaren og diktaren var i aktivitet på samme tid. Mange har skrive om dei to funksjonane, og nokre har kanskje romantiisert forfattaren i frukthagen. Dei som les dagbøkene ser at det var både konflikthar og kvardag når ein skulle fylla fleire roller samtidig. Likevel var idealet til den gode gartnaren å sjå kvar plante og kvart tre. Dikta og dagboksnotatane viser omsorga:

EG HOGG NED DEN STORE  
APALEN UTFOR GLASET

Eg hogg ned den store apalen utfor glaset.

Han skygde for utsyni, det var eitt, det

vart skumt i stova um sumaren, dessutan

vilde ikkje Gartnarhallen ha Flaskeplele lenger.

Eg tenkte på kva far min vilde ha sagt, han lika den apalen.

Men eg hogg han ned.

Det vart ljøsare, eg kan  
sjå ut fjorden og elles  
fylgja betre med  
på fleire kantar,  
huset kom meir  
i berrsyni,  
viser meir att.

Eg vil ikkje vera ved det, men eg  
saknar apalen.

Her er ikkje som fyrr. Han livde  
for vinden og gav  
god skugge, soli glytte gjennom  
greinene inn  
på bordet, og um nætene låg eg  
ofte og lydde  
til susen i lauvet. Og dei Flas-  
keepli, det finst ikkje  
betre eple ut på vårparten, dei  
har så fin krydda smak.  
Det gjer ilt kvar gong eg ser stub-  
ben; når han er morken,  
skal eg brjota han upp og slå han  
sund til ved.

Eg ser for meg at poeten og gartnar-  
ren fekk det betre etter at han laga  
dette klårgjerande diktet til apa-  
len. For oss som les, er dette også  
ei forteljing om eit system som  
stadig stiller nye krav. Alt i 1965  
hadde Gartnarhallen krav til bøn-  
dene om kva sortar som skulle ut  
i marknaden. Hauge minner oss  
om at det ein gong var noko som  
heitte Flaskeeple med «fin krydda  
smak.» Kanskje finst det framleis  
eit eller fleire slike tre på frukt-  
gardane?

## APAL I SNØ

Ein apal utfor glaset i låg sol blør,  
bøygd ned av snø.  
Atthangande, skrukka  
blad skrøyvar munaleg  
upp hans bør;  
i epli som heng att,  
har fuglar plukka.

Han stod i snø i vår,  
stod søt og ør  
i humlesurr og gav og  
tok av lukka;  
og bladi smidde, nøytt alle glør,  
til struten kart i lauvet  
mulen rukka

og vart til eple, kantute og grå.  
Dei laga skurv og tege rosor på,  
alt med dei rodna under doggi  
blå.

Dei datt i doggvått gras, og regn  
og vind  
sleit lauvet av han. Av solkraft  
sogi inn  
byggjer han draumar att bak  
borkgrå kinn.

Olav H. Hauge,  
*Dropar i austavind*, 1966

Det er tydeleg at naturen nær-  
rer diktinga, men evna til å sjå  
naturen fører også til at trea får  
betre omsorg og stell. EIN GOD  
GARTNAR, SKRIV HAN I 1956:  
«Ein god gartnar er mystikar, elles  
er han ikkje nokon gartnar.» Ein  
mystikar arbeider med det gåteful-

le, filosofiske og gjerne også det guddommelege. Dagbøkene fortel at «den store samanhengen» stadig var med i både diktinga og det praktiske arbeidet. Det var naturleg for Hauge å studera plantene og trea med interesse. Dikta syner merksemda og omsorga. Hauge ville gjerne sjå treet eller planten i diktinga utan å leggja «sitt eige» inn i det. « *Dette å sjå seg sjølv i alt, levande og daudt, tyder på egosentrert sjeleliv. Diverre, slik har eg vore! Ei bjørk, eit fjell, det er meg sjølv og min strid eg ser. Animisme? Skriv eit dikt til ei bjørk, som bjørk! Det er tingen! Leva med henne, inderleg! Men korleis skal eg vita korleis ei bjørk lever, tenkjer, kjenner?* (10 sept 1982) Fleire har skrivne om Hauge sitt forhold til modernismen. Han var stadig drøftande til eigen poetikk og reflekterte omkring korleis ein kunne skriva meir konkret poesi. Det var forfatarane i «Profil» som presenterte Hauge si dikting, m.a i eit «Lyrikknnummer» av Profil (4/1966) der dei hadde Hauge og diktinga hans til hovudemne. Hauge hadde skrivne røyndomsnært og konkret i høve til kvardagslivet som i t.d diktet «Kvardag», men først med «Dråpar i austavind» (1966) ser vi at også Hauge var påverka av den «nyenkle» tendensen. Hauge heldt likevel fram med å observera både andre sine teoriar og eigne tankar omkring det å vera diktar, gartnar

og levande menneske. Det var det autentiske, ekte og uforfalska han framfor alt var på leitning etter. Derfor stilte han seg kritisk utanfor og såg både diktinga og naturen. I poesien utvida han ofte til det store biletet som gjer at svært mange kjenner seg att i dikta hans.

Hauge fekk ein litografi av Nikolai Astrup sitt bilete «Vårnatt i hagen» i presang til femtiårsdagen sin. Biletet fekk ein sentral plass i stova, og Hauge såg ofte på det med undring har nokon sagt. Seinare skreiv forfattaren sonetten «Til eit Astrup-bilete:

#### TIL EIT ASTRUP BILETE.

Kan hende drøymde dei  
um dette her  
å møtast på ein klote,  
på ein stad  
der hegg og apal stend  
i syreblad  
og blømer slik ei  
dulgrøn vårnott nær

ved fjorden? Vera saman,  
planta bær  
og så ein innvigd åker  
rad for rad  
med urter bak ein  
steingard som dei la  
kring helga lundar,  
dei som fyre fer?

Dei er i riket sitt og sår si jord.  
Og vårnatti er ljøs  
av draum og gror.  
Dei legg kje merke til  
at ein kjem stilt



i snoskardet og stig  
på vatnet no.  
Men då dei natta,  
såg dei månen vod  
i gullserk ute der so  
unders mildt.

Det jordnære og det opphøga  
møter einannan i dette diktet. Det  
«dulgrøne», blømande landskapet  
og samarbeidet mellom dei to på  
åkeren i vårnatta, gjev eit inntrykk  
av sterk livsvilje og håp. «Kan  
henda drøymde dei um dette her»  
involverer den som observerer og

får fram at det harmoniske biletet  
kanskje berre er ein draum. Ver-  
selinja, «å møtast på ein klote, på  
ein stad» er med og understrekar  
avstanden. Det var gjerne noko  
ein håpa på, men som ikkje let seg  
oppfylla.

Det er mennesket med heile  
livssyklusen, kosmos og det gud-  
dommelege som overrislar heile  
landskapet. Nokon ser, erkjenner  
og vaktar det heile saman med må-  
nen, «så unders mildt.»

#### Kjelder:

Hauge, Olav H: *Dagbok, 1924–1994*. Det Norske Samlaget, Oslo 2000.

Hauge, Olav H: *Dikt i samling*. Det Norske Samlaget, Oslo 1996.

Haugsbø, Tove Kårstad: Nikolai Astrup. Baroniet Rosendal 2011.

Stegane, Idar: Olav H. Hauges dikting. Noregs Boklag, Oslo 1974.

Åmås, Knut Olav: *Mitt liv var draum*. Det Norske Samlaget, Oslo 2004.

«DET GRØNE, SKAPANDE, FRODIGE AUGE..»

## NOKRE UTDRAK OM TOR OBRESTAD FRÅ

DAGBØKENE TIL OLAV. H. HAUGE av Marit Hafting

---

Tor Obrestad døydde rett før han vart 82 år i januar i år. Han er hyppig omtalt i dagbøkene til Olav H. Hauge frå 1924–1994; fyrste gong september i 1965 og siste i desember 1992. Eg har gått gjennom dagboknotata der Obrestad er nemnt (bak i bind V er det ei grei oversikt over kva personar som er omtalte og kor i bøkene me finn dei). Eg vil trekke fram nokre utdrag for å sjå på tilhøve mellom desse to diktarane. Den eine erfaren og kunnskapsrik kommentator til litteraturen både i fortid og nåtid, den andre representant for «dei unge». Den eine sjølvlærd, den andre med akademisk bakgrunn, men begge med brei intellektuell orientering. Den eine med Ulvik og gartnargjeringa som grunnvoll, medan den andre hadde dei unge vaksne åra som diktar i Oslo, i universitets- og kunstnarmiljøet og den venstreorienterte politiske rørsle. Etter kvart, midt i 30 åra, flytta han tilbake til Jæren og Stavanger og heldt fram som diktar, litteraturmeldar og journalist. Hauge kallar han fleire gonger «ein frisk vind frå Jæren»

Fyrste innlegg i dagboka om Tor Obrestad lyder slik:

28.09.65 SET KRYSS I TAKET!  
(TOR OBRESTAD) Nye hefte i

*Vinduet og Syn og Segn. I båe er dikt av Obrestad, i Vinduet i alt ti, i Syn og Segn eitt, «Snønuten». Gode dikt! Store dikt! Han fyljer Økland. Det er eit godt teikn. Her har me ein ny mann! Denne karen kan skriva!*

*Sjå det. Han er redd for kvardagslege emne! Nett det! Intelligent linedeling!*

*Store emne, - fårlege! Fall og ruvor. Best å passe seg for dei! Hald deg til kvardagen. Naken, norsk stil! Energi! Ein søv for mykje i det gamle! Der fins nye unytta rytmar i norsk talemål! Nytt ut dei! Det er av dei unge ein lærar mest, dei ser gløggare.*

Nokre år seinare kommentarar Hauge: 10.03.68 Obrestad har dikt i *Dagbladet*. «Me har høyrte blindt i frosten». Her er rømder, og stor intuisjon. På tid at dei unge bryt ut av den turre monotype poesien som har vore på mote på nynorsk!

So kom politikken inn, og framleis heldt Hauge fram det friske og modige sjølv om han er spørjande til om det har noko for seg med «den austuropeiske stilen»:

03.10.68 Obrestad sender meg den nye boki si, «Vårt daglege brød». Romsleg, agitatorisk form, heilt i den nye austuropeiske sti-

len. Kva det no har på seg. Mystikaren er vorten praktisk dagspolitkar. Engasjert forfattar heiter det visst. Stor evne, Obrestad.

Nokre dagar seinare (08.10.) skriv Hauge vidare om «Vårt daglege brød»: Han gjeng vidare, ut or diktet, ut or all konvensjon. Stend fri, under open beisk, salt Jærhimmel. Jau, her er friske bilete her! Og mange gode dikt! Frå konsentrasjon til ekspensjon. All symbolisme bannlyst.

Ein må sjå litt av det dei unge gjer, fyrr ein dømer um deira åtak på den gamle diktingi! Dei vil noko, dei unge i dag med. Dei vil det. Det er friske drag og tilsprang i det nye! Kan ikkje nektas. Den gamle spennetrøya var seig å få av!

Obrestads nye dikt: han gjeng lenger, burt frå symbol, dobbel-



Både trykka er av Guttorm Guttormsgaard frå 1968.

Kvar gong eg trør  
på gloande jern  
luktar det  
svidd  
kjøtt  
Eg  
skjønar ikkje  
korleis  
dei  
gjorde  
det  
før

For Obrestad



1968

tydingar, hermetisk ordleggjing, ut or «diktet», burt frå konvensjonane. Herlege dikt! Stort format! Den fyrste moderne nynorske etter Uppdal. Klåre ord, som tyder det dei tyder....Eit godt program.

Seinare same året var Hauge på reise til Stavanger og Jæren og skeiv: 01.12.68 *So til Obrestad. Garden låg, som Tor hadde sagt. På ein høg sandklett ut mot havet i Nærbø. Det var fint ver og stilt. Me såg vidt. Møtte bestefar, Reinert Obrestad. Liten, rak, ein gutunge på 90 år. Han viste oss um, fortalde um garden og ætti! So helste me på mor til Tor, og Jon, faren. Me fekk kaffi, og sat og prata til det kvelda. Friske, gilde folk. Jau, Tor har hatt ein gild heim! Her måtte verta ein diktar! Og slik sermerkt stad.*

Hauge fylgde utviklinga til Obrestad, litterært og ideologisk. Kva rolle skulle dkitinga ha i samfunnet? I 1971 (12.11) skreiv han: *Obrestad er vorten vaksen, og har teke yver drifti på garden (jordkula). Og gjer som han har lært av fedrane, dei ekte jærbondene: Han arbeider og vil dei hine skal hanga i, ungane med. Plukka stein, luka ugras, bera vatn, sjå etter krøteri. Han skynar ikkje ungane likar mykje betre å leika seg, vere frie, byggja steinhus og lauvhyttor, synga, spela, fara å nasa i skog og mark, fiska, granska insekt og fuglar.*

*Og ungane er då diktarane. Dei*

*vil ikkje lyda. Mehren vil byggja luftsloft, Bjørnebo klaga yvir verdi, Hauge dyrka Gud, Haugen skriva underlege setningar, Økland dri-ve ap med grannane. Kva skal ein gjere med slikt?*

*Men Obrestad og hans likemenn har vel rett. Her er tid for alvor, ikke leik. Det er det ikkje alle som forstår. Dei tek upp Wergelands og Sivles gjerning, Garborg og Øverlands og.*

I 1979 får han Vinterdikt, sendt frå Obrestad. Han las gjennom den, set den høgt, men er tvilande til forfattarens tankar om trongen for «væpna revolusjon: 12.10.79 *Der er «a certain strangeness, something of the blossoming and the aloe» som Walter Pater segjer lyt vera i all kunst. – Kinck minner seg her. Ellers veit eg ikke kva eg skal segja til trugsmål um våpenbruk for å gjennomføra revolusjonen.*

*Det grøne, skapande, frodige auga, skal eg kalla denne evna slik? Som Kinck, Uppdal hadde, og som eg synes Obrestad og har.*

I 1982 fekk Hauge tilsendt «Du gamle, gamle Jæren»: 28.08.82 *Ei samling nye novellor, eit slags minne frå barneåri og ungdomen. Velskrivne, sume framifrå! Skaldar, diktarar, tenkjarar, me har mange me brukar dei nemningane um. Men i våre dagar er det nokre få millom desse mange som skil seg ut. Det er dei som har sjamanens rolle og kall.*

*I dagbøkene er det opp gjennom*

åra jamleg omtale av dikt, romanar, umsettingar og biografiar av Obrestad, og som oftast nemner han at forfattaren har sendt dei til han: Marionettar (1969), Noregs Løve (1970): *Modig bok. Slik kan det og gjerast! Men forakt ikkje Sherry om du likar Øl.* Om Mao Tsetung dikt (1971), omsett av Heggelund og Obrestad, skriv han: «*Dei tenkjer på ein anna måte enn me eldre.*» So kjem Sauda! Streik!, (1972) og diktsamlinga Stå saman (1974): *Jau, dette er gode ting!* og Vinterdikt (1979), og så biografiane om Arne Garborg og Hulda Garborg.

Dagbøkene har vel 100 notat om Obrestad, nokre berre ei kort line om at dei to diktarane har sendt kvarandre brev eller skrift, andre gonger lengre refleksjonar. Det er få notat der Hauge gjen-gir Obrestads vurdringar av han og det han sjølv har skrive. Det grensar vel til sjølvskryt, og det driv ikkje ein Ulviking med. Han nøyer seg med å si: «Det tykkjer eg mon i» eller «Ei vakker melding. Eg er takksam».

Alt etter kva perspektiv ein møter dette stoffet med, vil ein vektleggje noko framfor noko anna. Det vil seie at dette er ikkje einaste framstillinga av tilhøvet mellom Hauge og Obrestad. Men slik eg les dette, finn eg ei gjennomgåande tru på Obrestad både som poet, som representant for «dei unge» som tok viktige nye og po-

litiske emne inn i diktinga, og som Jærbu og heimstaddiktar.

November 1970 finn me diktet nedanfor, i tilknytning til at han skriv om sonetta. Slik eg forstår det, fanger diktet det store spennet i livet til Obrestad, og smerta som fylgde med:

### Ord for Obrestad

Den store svingingi  
Istidi – grøn tid –  
So og i hugane.  
Svinging  
Einsemnd og folk saman,  
Sorg – glede,  
(einsemnd) – (samvære)

Å du utbrjotar  
du med skjeggafinnar!  
Du som gjekk i skogane,  
søkte mot nord -  
Til hola, til helleren!  
Det er tid å snu.

Frå stordomen, heltedyrkinga.  
Den einsame, sterke.  
Den eine. Runkaren!  
Han sette æra i å svelte seg!  
Han som dyrka Gud i løynd,  
Burtanfor, utanfor...  
Den eine. Noko måtte han og ha!  
Communion with God!

Attende, det er tid å snu frå  
øydemarki  
til dei andre –

Mao-tsetung, Whitman,  
Majakovskij.

Me har høyrte um ljøs –  
Me vilde ikkje tru det.  
Fyrr ljøset vart kveikt og sett på bordet  
Imellom oss.....



Våren 2020 fekk eg ei melding frå ein tidlegare arbeidskollega – Kai Andresen - om at han hadde kjøpt ein båt, ein færing, ein Oselvar. Han skreiv til meg:

*Jeg kjøpte båten i vår og hentet den i Jondal i påsken og kaller den Ro. Den er eksepsjonelt velholdt og svært vakker. Den er en færing i oselvar-tradisjon. Det er eik i kjøl, stevner og keiper, ellers furu. Kobberklinker. På en konvolutt i papirene jeg har fått med er det anført for hånd at båten ble bygget i Strandebarm i 1958. Den ble registrert ved politikammeret i Odda til Oddmund Hauge samme år. Jeg har ikke opplysninger om båtbygger, men motor og vribar propell ble kjøpt hos Øystese Sport og Jernvareforretning og trolig montert før levering.*

*Det var Gunnar Midtun fra Voss som kjøpte båten på auksjon hos*

*Vestlandske i Ulvik i februar 2002. I følge datteren, som stod for salget da jeg kjøpte den i våres, var mye av attraksjonen for Midtun nettopp at Olav Hauge hadde hatt mye glede av å ro den med broren.*

*Om noen har opplysninger om båtbygger eller historier om bruk av båten, kanskje til og med bilder, er jeg takknemlig for slikt.*

Nå ligg båten i Oslo mellom Vipetangen og Nesoddlandet. Eg har tatt ein tur ut til øya og sjølv sett båten – som ligg trygt og godt fortøyd.

Langs fjorden i Ulvik var båtar og roing ein del av kulturen. Eg hugsar at når bestefar Ljones sat på verandaen på Tveito, kunne han på lang avstand sjå kven som kom roande – han kjende båtane, men ikkje minst so kjende han korleis

dei ulike sambygdingane rodde. til personleg ro stil. Eg trur ikkje at  
Ikkje alle var like gode til å ro, og Olav H. Hauge var ein typisk roar,  
det var nokre som hadde lagt seg men det å ro er med i fleire dikt.

### DU VAR VINDEN

(frå *Dropar i austavind* 1966)

Eg er ein båt  
utan vind.

Du var vinden.

Var det den leidi eg skulde ?

Kven spør etter leidi  
når ein har slik vind!



## GRØNE ØYAR

*(frå Seint rodnar skog i djuvet, 1956)*

Når du i seine nattetimar rør  
ditt hav, på ottedjup, og ikkje ser  
eit strå, ein stokk, ein rigg, og utrygt vér  
skvetter kald sjø, - sjå, grønne øyar gror

or havgrå natt! Øyar som venta stødt!  
Men har ho miskunn då ei himmelrand,  
har ho ei stø for ein som fall av land  
og leid og aldri ved ei år har blødt?

Du hadde øyar ingen visste um!  
Løn for eit liv i strid forutan svikt.  
Og dei du stridde for, tek mot din stamn.

--Eg rør i ring rådlaus; veike rikt  
av mine årar opnar ingi hamn  
i kald grå synsring. Herrens lov er stum.





## **OLAV H. HAUGE OG DET NORSKE MÅLET** av *Olav Ljones*

---

I denne artikkelen er det samla ulike bitar som frå ulik ståstad omtalar Olav H. Hauge som språkrøktar. Det er lett å sjå at som forfattar er han eit vitneprov på god og trygg språkrøkt og ein forvaltar av nynorsk som kulturspråk, samstundes som han og nyttar eigen dialekt frå heimbygda Ulvik.

Olav H. Hauge var i all si gjerning ein ihuga nynorskven. Han skreiv sjølv eit solid nynorsk om enn ikkje eit modernisert nynorsk.

Olav H. Hauge var oppteken av språket til andre forfattarar, og i dagboka er det omtale av ei lang rekkje nynorskforfattarar. Det er ros, men og hender det at han ikkje er nøgd med dei samtidige nynorskforfattarane. Han har og mange rosande kommentarar til bokmålforfattarar. Han var knytt med sterke band til nynorsken, men ikkje ein svart - kvit person som berre roste nynorsken og heldt avstand til bokmålet eller riksmålet.

### ***Riksmålsbevegelsen, bokbåla og Olav H. Hauge***

Ein forfattar som var aktiv på riksmålssida i målstriden, er Andre Bjerke. Når Olav H. Hauge byrjar å førebu utgiving av omsette dikt, er alt Andre Bjerke ein røyd og høgt verdsatt omsetjar. Det skriv og Olav fleire stader i dagboka. Olav er og imponert over Andre

Bjerke som diktar. Det er mogeleg at Hauge vert litt mindre imponert med tida.

Ottar Grepstad har tipsa meg om at Andre Bjerke i språkstriden i 1960-åra gjekk langt i å nemna bokbål og nytta Olav H. Hauge som eitt av fleire døme på nynorskforfattarar som fortrengrer bokmålsforfattarar. Då er bokbål den medisinen som Andre Bjerke peiker på.

Det skriftstykke som Grepstad tipsa meg om er frå ein kronikk i VG av Andre Bjerke som stod på trykk 25.10.1963. Seinare vart dette trykt opp i boka Hårdt mot Hårdt av Andre Bjerke, som kom i 1968. Det er verdt å merka seg at året 1963 då Bjerke skreiv dette, er to år etter at Hauge kom med diktsamlinga På ørnetuva. Denne diktsamlinga er ofte rekna som det store gjennombrøtet blant kritikarar og andre forfattarar. Det er mogeleg dette gjekk under radaren til Bjerke.

Den artikkelen Andre Bjerke skreiv i 1963 handla hovudsakleg om leseverket for skulen Levende dikt i norsk lyrikk, som kom ut i 1963. Boka var redigert av Angeline Schanche og kom ut på Cappelen's forlag. Andre Bjerke har talt opp og finn at det i gruppa nyare norske dikt, er det berre eitt dikt på riksmål medan det er åtte på nynorsk. Nynorskforfattarane

var Ragnvald Skrede, Jakob Sande, Halldis Moren Vesaas, Olav H. Hauge, Aslaug Låstad Lygre, Jan-Magnus Bruheim, Tor Jonsson, Marie Takvam og ein dialektdiktar Alf Prøysen. Den oppteljinga som Andre Bjerke har er avgrensa til det han kallar nyare norsk lyrikk, og det er da han finn at utvalet er sterkt dominert av nynorske forfattarar. Om ein endrar teljemåten til Bjerke og ser på heile utvalet av dikt i leseverket, er det likt tal på nynorsk- og bokmålforfattarar. Så skriv Andre Bjerke:

*«Angeliques Schanches Levande dikt ( i norsk lyrikk) vil egne seg fortreffelig som brennstoff ved gymnasiastenes neste bokbål. Boken kan anbefales på det varmeste. Verken Emil Boyson, Rolf Jacobsen, Alf Larsen, Per Arneberg, Claes Gill, Gunvor Homoe, Paal Brekke eller Jens Bjørnebo er funnet verdige til å stå i antologien med Aslaug Låstad Lygre og Olav H. Hauge. Hva er forklaringen? Naturligvis ligger den i myndighetenes påbud om en bestemt nynorsk kvote i slike verker. Riktignok er f.eks. Olav H. Hauge et nokså nytt navn, så nytt at man ikke en gang vil finne det i Aschehougs leksikon under bokstaven H. Først i supplementsbindet fra 1962 er han kommet med. Det var kanskje litt tidlig å registrere han som en av det siste årtusens beste norske lyrikere? Men her kan Angelique Schanche*

*hen vise til departementets klare bestemmelser: Olav H. Hauge skriver nynorsk, og det kvalifiserer ham straks.»*

Eg har ikkje funne spor som tyder at Olav las sarkasmane til Andre Bjerke ved å bla i Dagboka til Hauge. Som nemnd er Olav H. Hauge imponert over Andre Bjerke, ikkje minst oversettingane hans.

Olav H. Hauge trefte Andre Bjerke ein gong, noko som er nemnd i dagboka to gonger – da det hende og da Andre Bjerke gjekk bort.

Møtet med Bjerke fann stad på Blom. Det er den 25.mars i 1972, og Olav er ei veke i Oslo.

Ein dag traff han Eldrid Lunden og var saman med ho i Forfattersenteret der dei trefte fleire, Kjell Askildesen, Karin Beate Vold, Arnljot Eggen. Eldrid Lunden og Olav gjekk så på Blom – ein populær restaurant for kunstnarar på den tida:

*«Fekk oss mat og dryk og prata. Gjekk så endeleg ut og vilde få på oss klædi. Då kom ein mann ut og sa me skulle koma innatt. Andre Bjercke vilde helsa på oss. Ja me stussa. Men gjekk innatt. Der sat Bjercke ved eit bord, breidde ut hendene: Vær mine gjester! Ta plass! Og kalla på kelnaren: Vin! Champagne! Ja, der sat me. Heile tri flaskor gjekk til. Men så fekk me mykje ånd òg. Han er uforlignelig til å snakka.*

*Godt eg hadde Eldrid, ho beit no litt i kjeppen med han. Det enda*

*med at han, ja han var galant, sa ho var vakker (som ho ogso er). Me sat sikkert eit par timar der.»*

### **Olav H. Hauge sine vurderingar av nynorsk i bruk**

Olav H. skreiv av og til omtale av målbruken til dei han møtte eller hørde. Eg har to døme som eg likar å nemna.

Det fyrste døme er når Olav hører på finanstalen til Petter Jakob Bjerve 5. oktober 1960: *«Finansministaren, Bjerve, tala i Stortinget og la fram budsjettet for året, so fint, og godt kan nynorsk talast! So einfelddt og liketil! Og det endast frå riksmålet si heimemark! Pengar og forretning!*

Eg arbeidde i SSB med Bjerve som direktør frå 1971 til han pensjonerte seg i 1980, og eg hadde kontakt med han i pensjonisttida hans og. Bjerve var frå Stjørdal og tala det eg vil kalla eit normert nynorsk. Statistisk sentralbyrå skal nytta begge norske målformer. Det kan vel og vera rett at i Bjervetida i SSB var bokmålsnormen i SSB nær det ein vil kalla samnorsk. Det var nok medarbeidarar som ikkje alltid

fann glede ved nynorsken og samnorsken til Bjerve, og som meinte han tala eit kunstigt mål. Slik sett er det som Olav H. Hauge skriv, ei oppreisning for målet til Bjerve.

Olav H hadde og omtale av målet til ordførar Lars O. Aurdal. Det er frå Dagboka 11.11.1962

*«I går kveld var eg på fest i helselaget; det er 50 år sidan det vart skipa. Og det var ein gild fest med mange gode talar. Dei er flinke, synest eg, mange av bygdefolket. Ordføraren, Lars Aurdal, talar so godt bygdemål. At det gjer godt å høyra. Han kan det, han. Slik som me lærde det. Og det er fint og gildt å høyra.»*

Dette er godt å lesa om min morbror Lars, ein engasjert ordførar for Ulvik.

Det er og sagt at Olav H. Hauge hadde kommentarar til språkbruken til bygdefolket, og mellom anna meinte han at ein skulle taka vare på diftongbruken betre – det skulle vera Spaonheim ikkje Sponheim.

# VAR OLAV H. HAUGE MED I NOREGS MÅLLAG?

av Arne Skjerven



**Olav H. Hauge** styrker målarbeidet med støe åretak, skreiv Noregs Mållag på 80-årsdagen hans. Teikning: Jon Hjelmevoll

## Mållagsmedlem: Nei

### Målmann: Ja

- Eg har aldri vore målmann, sa Olav H. Hauge ein gong. Han fekk dette svaret: - Få har gjort so mykje for målsaka som du! Olav tagde etterpå.

Lyrikaren var aldri medlem av Noregs Mållag, altså ikkje i Ulvik mållag, som var lokallaget han hørde til. Men han var levande interessert i språket, det levande språket han hadde i dialekten sin. Det var grunnlaget for skriftnormalen hans. Dette kjende han seg heime i, det var ein del av kvar-

dagen, ein del av levevegen, så å seia. Språket var føda, det gav han mot til å bera fram tankane sine på ein måte som var tilgjengeleg for ålmenta.

### Samtalar

Rett som det var møtte eg på Olav, særskilt på føremiddagen og i mid-dagstider. Då vart det bokprat, og ikkje minst språkprat. Ei tid var han svært oppteken av den elendige kiosk-litteraturen. Det var det eine. Det gav ikkkje mykje for hovudet og tanken. Men mykje verre var det at lesarane tok etter språket.

Det var som regel berre bokmål.

Så var det dette med Norsk språkråd, då. Der gav dei for vide normer for dei som bruka nynorsk. Det var eit slingrande språk, som han sa. Nynorsken skal vera ei stø norm, ei stø tuft til å bygga på.

### Eit par hendingar

I slutten av 1970- åra var målreisninga på sitt beste og største i Ulvik. Her var eit mållag med over 150 medlemar i den vesle bygda. Det var striden for å få bøker og anna læramiddel på same tid og på båe språk samstundes, som samla bygdefolket. Det gav også ein avleggjar, Ulvik målungdom, som faktisk hadde oppunder 100 medlemar.

Målungdommen skulle ha årsmøte. Eg trur det vart i 1978. Dei møtte opp i hopetal på møtet i handarbeidsalen til Brakanes skule. Olav H. Hauge var innbedden, og skulle lesa nokre dikt. Det gjorde han til gangs. Det vart ikkje nokre. Han las, og han las. Ungdommane og dei få vaksne der, var oppglødde. Dei gløynde tid og stad. Hauge fekk berre halda på. Folk lytta og klappa. Dei opplevde poesien. Då halvannen time var omme, slutta han. Så var det handklapping og klapping i borda i fem minutt. Årsmøtesakene vart utsette til nytt møte.

Olav var 80 år i 1988. Det ville han ikkje feira. Ulvik mållag

saman med kona Bodil klarde å overtyda han om å ta seg ein tur til Finse og vera for seg sjølv med nokre målvener. Det vart ein slags avtale om dette.

Me då dagen kom, var fuglen flogen. Han reiste austom og feira dagen hjå Arvid Torgeir Lie. Det som Olav ikkje visste, var at Ulvik mållag hadde hatt samtalar med styret i Noreg mållag om åremålet. Ulvik-kunstnaren Jon Hjelmevoll hadde laga teikning med utgangspunkt i diktet «Gjer ein annan mann ei beine».

Det var styresak i Noreg mållag, og Ulvik mållag ordna med teikninga. Styret skreiv: «Det er ikkje nokon som gjer målreisingsarbeidet ei større beine enn den som odlar og nyttar målet på ein slik måte at det vert lagt merke til. Olav H. Hauge er den fremste i landet. Med mange støe åretak har han ført målarbeidet frametter. Olav H. Hauge vert lytta til og forstått, godteken og sett pris på av svært mange – sjølv om han nyttar sitt eige språk. Det kan vera verdt å merka seg for dei, som trur dei må ty til bokmål og engelsk».

Nils L. Øydvin og underteika overleverte teikninga med blom og tekst frå styret i Noregs Mållag då han og Bodil kom heimatt etter åremålsdagen. Olav sette stor pris på det skrivne og teikninga. Det vart ein lang språksamtale med kaffi til etterpå.

## Olav Ljones held fram

Da eg planla denne utgåva av Venelagsheftet, lurde eg på om Olav H. Hauge var medlem av Noregs Mållag og starta granskinga med å spørja om det hjå sekretariatet til Noregs mållag. Der var det ei som hugsa at då Mållaget la om til elektroniske medlemslister i 1986, dukka namnet til Olav H. Hauge opp. Medlemslista med Olav H Hauge sitt namn vart fotografert og her er kopi av medlemslista. Det var fleire som heitte Olav Hauge, men berre ein Olav H. Hauge. Lenger opp på lista finn ein og Oddmund Hauge som er namnet til broren til Olav.

## Da eg viste dette til Arne Skjer-ven, fekk eg denne teksten.

«Eg trudde og lenge at han var medlem. Men då Haugesenteret vart innvigd og opna, var leiaren i Noregs Mållag der med ei sleg-gja som gåve. Ho spurde meg om OHH var medlem. Eg trudde det, men var ikkje sikker. Så spurde eg Bodil, som og var der. Ho var sikker på at han ikkje var medlem, i alle høve ikkje etter ho kom til bygdar. Ho greidde ut slike utloger, og var medlem sjølv. Ho la aldri ut medlemspengar for han. Då vart det til at leiaren i No-

regs Mållag helsa han som mål-mann.

« Dette er det eg veit om saka. Arne»

Dei som handsama medlemsregisteret merkte seg at diktaren Olav H. Hauge var medlem og tok vare på biletet av medlemsregisteret. Så kan det henda at han ikkje hadde betalt, men at mållaget likevel ikkje strauk han – slik at både Arne og Bodil kan ha rett. Det som vel er rett å seie er at det var gjennom forfattargjeringa si at Olav tente målsaka – ikkje som organisasjonsmann i Mållaget. For å samle trådene om Olav H. Hauge og målsaka kontakta eg biografen Knut Olav Åmås som ikkje kunne skriva noko nytt no om denne saka, men ga Venelagsheftet rett til å nytta teksten i Haugebiografien *Mitt liv var draum*:

## «Kampen for norsk språk»

*(Side 474 i Knut Olav Åmås: Mitt liv var draum)*

Naturen i diktinga er ein kjepphest, det unaturlege språket ein annan. Språkideologien til Olav H. Hauge er eit av dei mest underfokusererte tema i forskinga på diktninga hans. Det er ideologien som vi har sett ligg under fleire av dei krasse og gjentekne åta-ka på yngre nynorskforfattarar sin

10.14 2919 HAUGE OLAV H

*Her er kopi av medlemslina.*

språkbruk. Det er eit reint og konsekvent mål han vil at eit språksamfunn skal dyrka, anten det no er bokmål eller nynorsk.

I skulen lærde han først rettskrivinga frå 1907. Så kom han raskt inn i den nye rettskrivinga frå 1917, og den fall han då heilt for: «Og seinare so har eg kje funne nokon grunn til å brigda på det. For eg synes det andre er berre tøv, for det er berre til å brjota ned nynorsken. Den der rettskrivinga til Aasen den var vel kanskje litt tungvint og Garborg og desse karane dei tok då og lempa litt på det so det vart litt enklare osv., -- og eg meiner at når me hadde rettskrivingi frå 1917, so skulle dei kje gjenge lenger. Ein del valfrie former var då òg tillatne, for dei som ville skriva -a f.eks i dei sterke hokjønnsordi, og dei hadde lov og bruka -e i infinitiv dersom dei vilde». Ein lærar i Stavanger skriv til han og skryter av korleis han omsynsløst dyrkar det norske språket. Det gjev Hauge høve til ytterlegare å forklara korfor han nyttar ei rettskriving frå byrjinga av hundreåret. Han heldt med Gustav Indrebø i striden om endringar i 1937 og meiner framleis at rettskrivinga som då blei vedteken var ei «ulukke for landet». For etter den tid byrja nynorsken å gå tilbake, i alle fall i skulekrinsane. Ja det stemmer, det var 1940 - åra tilbakegangen for nynorsken for alvor tok til i det norske samfunnet. Litt av årsaka var NS-regimet si innfø-

ring av mange «norsknorske» ord i bokmålet. Dette verka indirekte og irrasjonelt nok *mot* nynorsken. Hauge dreg direkte liner mellom ein kulturell og ein politisk ufri- dom, med språkutviklinga som sinnbiletet på situasjonene. Slav- ar og svikarar kallar han dei som ser Norge med danske auge, dei opp- fører seg som om landet framleis er okkupert: «Det Noreg Werge- land skildrar er ikkje norsk, ikkje Bjørnsons. Lies, Ibsens, Hamsuns, Undsets, Kincks Noreg er norsk. Noreg ser du berre gjennom Aa- sen, Vinje, Garborg, Duun, Kro- kann, Bygd, det er Noreg. Det an- dre er slavane, svikarane sitt (...) Fyrst med Aasen, Vinje, Garborg, Duun, Aukrust ser og høyrer me Noreg og nordmennene.» Dette er harde utfall, om vi hugsar at han då likar mange bokmålsforfattarar også. Det er ei nasjonalistisk inn- stilling til språk som kulturuttrykk.

Norske forfattarar har ikkje skjøn- na i høg nok grad at språket er den største arven eit folk har. To unge måldyrkarar som står på same lina som Olav H. Hauge dreg til Ulvik for å laga intervju med han til bla- det Norsk Målungdom, *EG*. ( *Det er Hans Olav Brendberg og Bård Eskeland*). Dei vil finna ut om det er gammal vane eller målpolitisk manifestasjon som ligg bak språ- ket Hauge nyttar. Han seier seg hjarteleg samd med Indrebø i at «norsk» og «danskansk» burde vera namna på dei to norske måla.

Han er pessimistisk, kanskje vil historia visa at den nynorske kulturen varte i berre hundre år, med Tarjei Vesaas som den siste forfattaren. Det held ikkje å koma med dei enkle fakta ser han, ein må vekkja norsk ungdom emosjonelt dersom språket skal kunne bergast: «Nordmennene må skyna at målet er den største arven eit folk har».

Det er norsk vilje som må til, slår han fast. Den viljen finn han ikkje hos mange yngre forfattarar som skriv nynorsk på denne tida. Forfattarar og kritikarar sin bruk av framandord og fagspråk er eit anna overgrep mot den same norske viljen. Like skarpt dissekerer han fordommen om at kompliserte tinge berre kan seiast på ein komplisert måte, og dømet er litteraturkritikarane i *Bazar og Vinduet*: «Dei kan ikkje segja den mest einfelde ting utan tanken gjeng i ei innvikla bane, der framandord stend som merkestienar, ut i eit tomrom, fyrr dei so vidt nærmar seg jordi».

Om han sjølv blir den siste som skriv nynorsk, har han tenkte å gjera det. Her er han ideologisk og språkpolitisk i takt med dyrkarane av den såkalla høgnorsken. Ein høgnorskorganisasjon som Vestmannalaget i Bergen har i mange år, med god grunn framheva Olav H. Hauge som ein forfattar som står på deira eiga line i målsaka. Her er vestmannen Ludvik Jerdal: «I mange år undra det meg mykje

at Hauge slapp fri frå den kritikken som sokalla `moderne målmenner` ausar yver folk som er gamle og som skriv arkaisk mål og soleis ikkje fylgjer med tidi. (...) Når Olav H. Hauge hev gjenge fri åtak frå nystavarar, so må det koma av at han er so stor at dei hev skyna at det ikkje vilde nytta å gjera åtak på honom. For Olav H. Hauge er *giganten*.»

Han likar ille slike ord om seg sjølv, eller læst som han gjer det. Den mest konservative delen av målrørsla har anlegg for nasegrus dyrking av store menn. Motstanden mot «nystavarane» deler han fullt ut, om enn sjølvve tonen i språket og rikdommen av ord og uttrykk å velja mellom i eldre norsk, er meir grunnleggjande for han enn detaljane i rettskrivinga. Han forsvarer seg skarpt når nokon angrip han for å skriva norsk som ikkje er til å forstå, det kan han ikkje forstå. Lite tålmod har han med folk som manglar eit historisk medvite forhold til språket.

Hauge er ingen innovervend nasjonalist. Han kan kanskje klagast for å vera det i politiske spørsmål, men slett ikkje i litteraturideologiske saker. Den internasjonale orienteringa hans som lesar held heile tida fram med å vera sterk. Mykje av lesinga er konsentrert om forfattarar han har kanonisert alt frå ungdomen av, men den femner stadig vidare.



## KORT OM SKRIBENTANE I DETTE HEFTET

---

**Marit Hafting fødd 1948.** Busett på Voss.

Barne- og ungdomspsykiatar. Delvis pensjonert overlege og forskar.

**Olav Ljones fødd 1946.** Busett i Oslo. Samfunnsøkonom

no pensjonist frå Statistisk sentralbyrå.

Leiar i Venelaget Olav H. Hauge.

**Torbjørn Ljones fødd 1954 i Ulvik.** Har arbeidd som rektor i mange år. Utdanna lektor med hovudfag i nordisk språk og litteratur. Har gitt ut bøker under namnet «Kvitanesen».

**Sjur Tjelmeland fødd 1949.** Busett på Valen i Sunnhordland.

I arbeidslivet har han vore journalist og redaktør, dessutan har han skrive ei rad bøker om arbeidsliv, Valen Sjukehus m.m.

**Anne Karin Fonneland, fødd 1956.** Busett på Sunde i Sunnhordland.

Cand. mag. frå Universitetet i Bergen med faga litteraturvitskap, sosiologi og psykologi. Dessutan har ho teke utdanning i mediefag og skulebibliotekteneste.

I arbeidslivet har ho vore innom bibliotek, lærar i grunnskule og den lengste tida i den vidaregåande skulen, frå 2000.

Anne Karin Fonneland er og forfattar. Ho debuterte i 1996 med diktsamlinga Marmormjølke. Seinare det kome seks diktsamlingar, og ho er representert i ei rad antologiar. Ho har og skrive ein roman, Apalgard.

**Arne Skjerven, fødd 1944.** Busett i Ulvik. Tidlegare lærar.


Ein av skiparane av Venelaget og pådrivar for Haugestøtta i Ulvik.

Forfattar av fleire Haugebøker. Skribent i aviser m.a. Hordaland.

Aktiv tillitsmann i Noregs Mållag.







Returadresse: Olav Ljones, Østadsveien 16, 0753 Oslo



## STYRET I VENELAGET

Olav Ljones, leiar - [ola-lj@online.no](mailto:ola-lj@online.no) - tlf 90 69 39 04

Marit Hafting - [Marit.Hafting@gmail.com](mailto:Marit.Hafting@gmail.com) - tlf 995 50 315

Guri Hjeltnes - [guri.hjeltnes@hlsenteret.no](mailto:guri.hjeltnes@hlsenteret.no) - tlf 452 30 353

Kamilla Systaddal - [kamisyst@gmail.com](mailto:kamisyst@gmail.com) - tlf 464 22 510

Ingebjørg Winjum - [ibwinjum@hotmail.com](mailto:ibwinjum@hotmail.com) - tlf 404 03 863

Varamedlem - Astrid Kløve Graue - [akg@avisa-hordaland.no](mailto:akg@avisa-hordaland.no)

Kasserar Anders Opheim - [andersko@ulvik.org](mailto:andersko@ulvik.org)

Redaksjon for dette heftet: Marit Hafting, Olav Ljones (redaktør),  
Ingebjørg Winjum.

